



KYRKJEBLAD FOR OS

Nøtteliten barnehage opna!



LES I DETTE NUMMERET:

Fenomenet Da Vinci-koden s. 3

Ny kapellan på plass s. 8 - 9

Eg lyfter opp til Gud min song s. 11



Nøtteliten barnehage opna



Nøtteliten barnehage på Søfteland vart offisielt opna fred. 30. sept. Stiftinga Nøtteliten eig og driv barnehagen. Det er Søfteland Indremisjon og Os sokneråd som i 1999 tok initiativ til å danne denne stiftinga. Barnehagen har utvida kristen målsetting.

Prost Kaare M. Bakke stod for den offisielle opninga. Dette var og den siste tenesta han utførde som prost og embetsmann i Os. Frå 1. okt. vart Kaare M. Bakke pensjonist.

Mange born, foreldre og besteforeldre, naboar og innbedne gjester var samla i barnehagen. Etter opningsseremoni med snorklippling og helsingar, var det samling inne med kaker, bollar, brus og kaffi. Underhaldning for små og store sytte den gamle TV-kjendisen Gullars for.

Nøtteliten barnehage har 5 avdelingar med born frå fleire grender i Os, men naturleg nok flest frå Søftelands-området. Ei av avdelingane for 3-6 åringer er ei naturgruppe-avd. som 4 dagar i veka held til i "Trollstuen", eit lite hus i skogen, når dei ikkje er på tur i skog og mark.

Den utvida kristne målsettinga pregar barnehagen. I samband med dei kristne høgtidene vert forteljingane frå Bibelen ei naturleg kjelde for samlingsstunda.

Barnehagen har samordna opptak i samarbeid med Os kommune. Meir info finn du på www.nottelitenbarnehage.no

GAH

ELEKTRO-DESIGN AS

Aut.installatør og kompetansebedrift

Tlf 56 57 61 60 - 911 29 784

5217 Hagavik

**Kontakten du mangler
installerer vi nå!**

Ta kontakt med

Installatør Geir Skarding



MATSTOVA

Kafé & Restaurant ☎ 56 30 10 55

Velkommen innom for servering på stedet med god mat og drikke.

- Lukussnitter • middag • kaffe • utlevering av varm mat, også
- søndag • koltdbord • selskapsmat • lokaler til selskap og familiefest.



Vikarpresten sluttar hos oss

I over eit år har Kirsten Olsen vore vikarprest i Os: Frå medio august 2004 til litt ut i november har vi fått ha henne som ein av prestane våre i Os. Det var eit lite tidarteikn då ho kom: Første kvinnekjeld i Os, det var spennande både for prest og kyrkjelyd.

Ja, korleis var det å kome til Os, Kirsten Olsen?

• Interessant, utfordrande og lærerikt, og travelt i periodar. –Eg har ikkje opplevd det problematisk å vere kvinnekjeld i Os. I det heile har eg opplevd å bli svært godt motteken. Tidlegare har eg vore prest ”på bygda” og sete åleine på eit prestekontor. Her i Os kom eg inn i ein stor stab, og det har vore inspirerande å ha så mange medarbeidarar.

Noko du vil hugse særskilt frå Os?

Ja, at så mange kjem til gudsteneste her. I samanlikning med mange andre kyrkjelydar, har Os god kyrkjesökning. Her er så mange ressursar i kyrkjelyd og stab, og det skjer så mykje heile tida.

Eg likar alle dei ulike oppgåvene eg har som prest, og kontakten eg får med einskildpersonar i samband med tenesta er viktig. Men det å stå fram er også ei sårbar rolle. Etter ei gudsteneste er det viktig å ha fellesskap med nokon, ikkje stå åleine. Eg opplever at eg treng tilbakemelding/ respons både på godt og vondt.

Kirsten Olsen går nå inn i teneste som vikarprest i Fridalen og Årstad i Bergen, og slepp køyreturen frå Bergen til Os kvar dag. –Men tankane kjem nok til å ta turen til dykk stundom, seier Kirsten Olsen med eit smil til slutt.

Inger